



Susanne Håland
Lurevegen 352
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3549 - 16/33753

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Slamtømming - gbnr 156/25

Lindås kommune har 08.11.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport om at det ikkje er mogleg å tømme slamavskiljaren for eigeiendomen gbnr 156/25 på grunn av framandelement (våtserviettar) i tanken.

For å sikra tilfredsstillande drift av avlaupsanlegget er det nødvendig å gjennomføra regelmessig slamtømming. I følgje gjeldande regelverk skal slamavskiljarar tilknytt heilårshus tømast heilt for slam etter behov og ikkje sjeldnare enn anna kvart år. Manglande slamtømming vil medføra fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Dersom våtserviettar og liknande vert kasta i toalettet vil dette kunne føra til at slamavskiljaren og avløpsleidningar ikkje lenger fungerer. Slamavskiljaren kan heller ikkje tømast med ordinært utstyr. Du må difor sørga for at ekstra slamtømming vert rekvirert og gjennomført. Ekstratømming vert ikkje dekkja av det kommunale slangebyret, jf § 6 i Forskrift for slamtømming.

Frist for utført slamtømming vert sett til 15.02.2016.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller du har andre kommentarar, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er gitt over.

Når ekstratømming er utført må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at ekstratømming er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg i saka, jf. forureiningslova § 7.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

Mottakarar:

Susanne Håland

Lurevegen 352 5912

SEIM